

- LAGSBLAD -

Nr. 1-2

Januar—Februar 1937

20 året

Årsskiftet 1936-37.

Prolog på nyårsfesten.

Hørde du tonar i myrke natt?
Hørde du storklokka ringa?
Kjende at tidi ho kjem ikkje att
når framum på vegen ho svinga. — —
Då vart du kann henda so liten og veik,
deg sjølv du so sårt måtte vraka;
i sjeli det tigga, — det bad — og det skreik
når livsstraumen vilde deg taka.
Lik fossande elvar som vegane finn
til gløymsle i ovstore havi,
gjer mannen sin lagnad ein underleg sving
på veg ifrå vogga til gravi.

Verdi er vorti so underleg veik
midt i sin dugleik og styrke:
Kjærleiken minka, trui vert bleik
og von vert eit gåtefullt yrke.
Verdi? Kven er det? Jau, alle som ein,
du er det, eg og dei mange.

*Verdi er treet, me sjølv er ei grein
som skaper dei tidene trange.
Me skulde lysa
som blommar på tre
og ikkje for veikskapen falle,
me skulde hysa
i hjarto den fred
som signe kann verdi og alle.*

*Lat oss det freista, alle som ein
gjera i truskap det beste,
finna ein brukbar og dugeleg stein
og honom i byggverket feste.
So vil me gløyma dei skuggar og mein
me møte på vegen, men minnast
ovfagre dagar då livssoli skein
med sælaste glans som kann finnast.*

*Tidsbylgja rullar, skvalar mot strand
med bod frå den ukjende æva,
framtid i kallar på kvinne og mann, — —
det ålvorsamt er til å leva.
Framtidi kallar på deg og på meg,
lat oss på kallingi lyda,
lat oss i truskap gå saman den veg
som livsgleda uppatt vil nya.*

*Klokkorne ringjer i myrke natt, — —
me alle på årsskiftet tenkjer,
veikaste voner dei vakna no att
og vent dei i tankane blenkjer.*

Karl Myre.

Årsmelding for Bondeungdomslaget 1936.

Bondeungdomslaget har i året 1936 havt 41 samkomor og 2 utferder. Av samkomone er 14 nytta til foredrag, 2 til årsmøte, 5 til festar, 2 til ordskifte, 2 til leikemøte, 2 til bokkveldar, 1 til Blixkveld, 8 til spelkveldar og 7 til ymse.

Talarane har vore: Rektor Olden: Fredssaki, dr. Axel Sømme: Verdenspolitikken i ljusbilete, tannlækjar Forsberg: Kåseri um skilaup med ljusbilete og film, bladstyrar Smitt Ingebretsen: Wilh. Krag, felespelar Olav Mo: Folkemusikken, ordførar Lars Ramndal: Ei ferd i Nord-Noreg, forfattaren Georg Brochmann: Grunnlaget for den spanske revolusjonen, kyrkjesongar Fuglestad: Ygdrasil ask, prest-en Hovda: Ungdomen og Kristus, kapellmeister Joh. Ludvig Mowinckel: Nordisk musikk, rektor Håkon Wergeland: Kyrkja og stat, lektor Jon Aukland: Garborg og Jæren, Sigmund Skard: Vinje og vi, bladmann Th. Dahl: Lars Hertervik, Vegard Sletten har fortalt frå årsmøti i Norgs mållag og Noregs ungdomslag, Einar Nordaker har fortalt og vist ljusbilete frå ei Tysklandsferd. På eit møte hadde Målringen programmet på seg, O. A. Vestbø tala um dei nynorske bladi, Johs. Hatteland um nynorsken i forretningslivet og Sølga Talgø song nynorske songar. På eit anna møte heldt 5 lagsfolk stutte talar um arbeidet sitt, Ketil Osland um Kiropraktikk, Edv. Ledål um gardsbruk, Otto Hiim um

bilvøling, Nelly Husebø um sydamone sitt arbeid og Kristian Bærheim um arbeidet sitt som diskmann og byseljar, og straks fyre valet i haust tala 3 lagsfolk um sitt politiske syn, Guri Ånestad um Bondepartiet, Bjarne Stangeland um Nasjonal Samling og O. A. Vestbø um Venstre. Magnus Våge har innleida til ordskifte um Leiken i laget og Bjarne Stangeland um nye vegar i lagsarbeidet.

På møti har det attåt anten vore song, musikk eller Bondeguten, og det har og jamt vore leik tilslutt. Elisabeth Strandenæs har spela på møti.

Sundag 2 februar hadde B.u.l. *Bokkveld*. Boknemndi med Vegard Sletten som formann stod for tilskipingi. Bokmannen Sigurd Kvåle tala um diktarparet Haldis Moren og Tarjei Vesås, Svithun skulekor, dir. Georg Egenberg song, Eyvinn Thu spela og Kvåle las eigne novellar, seinare leik i salen. For nettoinnkoma kr. 60,00 vart det luta ut nynorske bøker frå siste bokhausten. Det vart selt 69 billetter.

Sundag 23 mars hadde B.u.l. den årvisse *Bok-Bollefesten*. Boknemndi stod fyre tilskipingi av den og. Bladstyrar Chr. S. Oftedal tala um gagnet av å lesa bøker, fru Sigrid Rusten Grude las av diktsamlingane til Aslaug Vå og Ola Setrom, Arne Grønlund og Røskva Gjøstein Eriksen spela og songkvartetten Njørd song. Ein fekk som vanleg rikeleg med bolla og kaffi. Etterpå leik i salen og utluting

av nokre ting. Det vart selt 183 billetter og nettoinnkoma av festen var 138,30.

Torsdag 20 februar vart det halde *Minnekveld for Elias Blix*. Bladstyrar Klaus Sletten tala um Blix, dr. Kristoffer Ihle song og sekretær Olav Bryn fortalde og viste ljusbilete frå Nordland. Det kom inn 50,00 kr. til Blixsteinen.

Laurdag 29 februar hadde B.u.l. *Skotårsfest*. Guri Ånestad ynskje gjestene velkomne og heldt skotårstalen. So vart ein traktera med god mat, saltrett og skotårsdrykk. Det vart halde talar ved bordet av formannen Vegard Sletten og Gunnar Løvik som baa tala um kvinna og skotåret. Det vart og sungne fleire skotårssongar som var skrivne for dagen. Ole Nærheim takka nemndi for maten og so vart salen rydda. Etter bordseta song fru Sand nokre songar. Det vart halde framsyning på speltelet, 4 lagskvinnor rødde um laget og lagsfolket i framtid. Anders Svadberg og Elisabeth Strandenæs styrde med musikken og det skifte med leik og dans til kl. 4. Det vart selt 182 billetter til festen.

17 mai var B.u.l. med i folketoget. Umlag 70 var med under laget si fana.

Utferd til Udlandhaug. Torsdag 14 mai hadde B.u.l. utferd til Udlandhaug. Ein hadde tinga «Buss» som skulde gå ut i frå Holmegata. Det møtte fram 50—60 lagsfolk so han laut gjera tvo vendor. Uppe i Haraldstårnet gjekk det med radl og røda og kaffidriking, og so kom Lars Hiim

med Bondeguten som hadde mykje å segja til lagsfolket. Det vart ei koseleg stund innandørs, men ute på haugen var det kaldt.

Utferd til Rott. Sondag 21 juni hadde B.u.l. utferd til Rott med M.sAskøy. Det var ein sers fin dag, ein kunde ikkje ynskja seg betre vêr til ei slik sjøferd. Umlag 80 var med, men av denne flokken var det helst få lagsfolk. Ute på Rott nytta ein tidi til å sjå seg ikring, studera fuglelivet og elles njota livet på beste måte.

Årsfest. Laurdag 26 september hadde B.u.l. årsfest. Formannen i festnemndi Edv. Ledål helsa velkomen. Bladmann Vilhelm Bergsagel heldt festtalen. Ved bordet elles tala Vegard Sletten, R. Tveterås og Bjarne Stangeland. Seinare vart det solosong av Erland, opplesing av Tora Hatteland og Gyda Reed kom med Bondeguten.

Maten var spikekjøt og rjomegraut med saftdrikka til, seinare fekk ein kaffi og frukt. Det vart selt 120 billetter til festen.

Bok-kveld. Sondag 6 desember hadde B.u.l. Bok-kveld tilskipa av Boknemndi. Harald Riis tala og elles var det filmframsyning og framsyning av 2dre akt av Lars Anders og Jan Anders, opplesing og leik. Det vart luta ut bøker for 82,67.

Joletrefest. Sondag 20 desember hadde B.u.l. Joletrefest. Styret stod for festen. Sokneprest Kornelius heldt festtalen. Programmet var elles kaffi og jolebrød, solosong av konditor Er-

land, opplesing av Kari Arnestad Meland og cellosolo av dr. Lorenzen.

Det vart selt 160 billetter til festen.

Nyårsfest. Nyårsaftan vart året avslutta med fest. Formannen i festnemndi Anton Ree ynskte velkomen. Festtalen vart halden av Arne Espeland. Elles tala Gunnar Løvik. Lars Hiim hadde skrive festsongar som vart sungne ved bordet. Seinare song Einar Nordaker og ved årsskiftet las fru Egelandsdal ein prolog som var skriven av Karl Myre. Bondeguten vart upplezen av bladstyraren Jakob Ottesen. Elles var det kaffi i Matstova og leik og dans.

Det vart selt 114 billetter til festen.

Leikekurs. Frå 21 januar til 1 mars hadde B.u.l. leikekurs med Klara Semb som leidar. Umfram leikaringen var 78 med på kurset.

Nynorsk kurs. I haust vart det sett i gang eit kurs i nynorsk og handelsbrevbyte med 8 elevar. Vegard Sletten og Johs. Hatteland var lærarar.

Etter innbjoding frå Bundeungdomslaget vert årsmøte og stemna til Noregs ungdomslag i Stavanger til sumaren og B.u.l. har i tilføre stemna valt desse nemnder: *Husværnemnd:* Torgils Våge, Korn. Meland, Tora Hatteland, Tora Vignes, Julie Ryen og Olav Nævdal. *Tilskipingsnemnd:* Einar Nordaker, Johs. Hatteland, O. A. Vestbø, Erik Ryen, Nelly Husebø, Ingeleiv Eikeland, Dagfrid Hatleskog, og Bergljot Hodnesdal. *Festnemnd:* Lars Bø, Peter Molaug, Carl Hatteland, Edv. Ledål, Elisabeth Strande-

næs, Bergit Vik og Gyda Reed. Nemnderne har havt møte og m. a. valt formenn. Til formann i husværenemndi vart valt Torgils Våge, tilskipingsnemndi Einar Nordaker og festnemndi Lars Bø. Dei skal saman med formannen i B.u.l. vera *Hovudnemnd* for stemna.

Boksamlingi er auka med 15 band og har no 789 bøker. Nemnd: Guri Ånestad, Korn. Meland, Einar Nordaker og Vegard Sletten.

Garborgmonumentet. Bilethoggar Gunnar Janson arbeidar med monumentet og det er von um at det vert ferdigt hausten 1937. Nemnd: O. A. Vestbø, Guri Ånestad, Vegard Sletten og arkitekt Storhaug.

Udlandhaug Kaffistova var opi frå 9. april til 20. september. Det var som vanleg bål jonsokafta og musikk av gutekorps. Styret har vore: Kornelius Meland, formann, Lars Bø, Guri Ånestad, Tora Hatteland og Anders Løvik.

Serlagi.

Barnelaget har havt møte som vanleg kvar fredag. På møti har det vore øving i leik og turdans av ymist slag. Likeeins har ein på mange møte havt handskrive blad, opplesing og song. På umframmøti har ein øvt inn spelstykke, som ein har synt fram på festane i laget. 1. des. vart det sett i gang eit leikekurs med ikring 20 elevar umfram fleire av barnelaget. Barnelaget har havt årsfest med fram-syning av eventyrspelet „Dei tri mors-

systemene“, musikk av Knut Gundersen og Arna Våge og framsyning ved barneleikarringen. Barnelaget hadde utferd til Hafsrø helgetorsdag. Medlemmer av barnelaget var med i brureferdi ved opningi av Rogalands Folkemuseum. Medlemstalet i 1936 har vore 45. Styret har vore: Magnus Våge, formann, Anders Løvik, kassestyrar, Tora Vignes og Svanhild Bjel-land.

Blomelaget har vitja Rogalands Sjukehus med blomar 5 gonger. Styret har vore: Kari Meland, Maria Njølstad, Anna Vestbø og Maria Vetrhus.

Leikarringen har i fyrste halvdel av 1936 havt vanleg øving kvar fredag. Etter sumarferien har det ikkje vore øving, då ymse ting kom i vegen og huset har vore uppteke med andre ting. Ein laurdag i mars månad hadde ringen årsfest. Kvitsunhelgi var leikarringen saman med andre frå B.u.l. på tur til Kristiansand. Det var etter innbjuding frå B.u.l. i Kristiansand, og fleire dansarar frå Flekkefjord mållag var med. Det vart halde leikeframsyning i byen og um kvelden vart det halde fest på utferdsstaden til B.u.l. i Kristiansand. 29. juni hadde ringen framsyning for tyske turistar på Bjergsted og 12. juli var ringen på Klepp Folkehøgskule og hadde framsyning på studiekurset for norderlendsk ungdom. 21. juli reiste 3 gjentor og 5 gutar av ringen på gjesteferd til Tyskland. Var fyrst ei heil vike i Hamburg og var med på framsyningar og festar kvar dag. Derifrå på rundtur som

vart avslutta i Berlin, der leikarane var med og dansa på Olympia stadion. Ved opningi av Rogalands Folkemuseum var leikarringen med i brureferdi til Mostun.

Styret har vore: Einar Nordaker, leikleidar, Erik Ryen, formann, Borg-hild Fisketjøn, Julie Ryen og B. Skjærpe.

Målringen har halde nokre møte i året, men det har helst vore lite fram-møte. Ringen har som fyrr nemnt stade for programmet på eit møte i B.u.l. Styret har vore: Johs. Hatte-land, formann, Lars Voll, Sølga Tal-gø, Einar Nordaker og O. A. Vestbø.

Saumarlaget som hadde marknad i slutten av 1935 har kvilt. Det har ikkje havt noko møte i 1936.

Styret har vore: Ingeleiv Eikeland, Gudrun Osmundsen, Elfrid Selvik og Maria Sekse.

Songarlaget stod godt «rusta» ved fyrre årsskiftet, songarane møtte godt fram, og synte stor ihuge. I fyrste halv-året song laget som vanleg på torsdags-møti i B.u.l., når det vart bede um det. Elles har songarlaget sunge for rekruttane på Madla og for dei sjuke på Rogalands sjukehus. Dessutan var songarlaget med på stemna til Rogalands songarsamskipnad på Jørpeland. Då ferien tok til, reiste songstyraren Georg Egenberg til Stockholm og hadde permisjon eit halvt års tid. Då songarlaget noko seint på hausten skulde taka fatt med Eyvinn Thu som songstyrar, synte det seg at koret var skrumpa inn til umlag 20. Det verste var at millom desse 20 var det berre

I bass. Under slike høve var det nytelaust å halda fram, og ein vart samd um fyrebils avslutta øvingane. Styret har vore: Einar Nordaker, formann, Karen Våge, skrivar, Otto Hiim, kassestyrar. Programnemnd: Olav Måland, Olga Risvold saman med songstyraren. Noteforvaltarar: Bjarne Hovden og Astri Samuelsen.

Spellaget har arbeidd sers godt. Ein har øvt inn tvo spelstykke: *Folk og Fant* og *Lars Anders og Jan Anders* og har i alt havt 8 framsyningar. Spelaget har greidt å skaffa dei pengane som var uppsett på budgettet, um sumen i år var nokså høg. I styret har vore: Nelly Husebø, formann, Ole Nærheim, skrivar, Anton Ree, kassestyrar, Tora Hatteland, Alv Selvik og Peter Molaug.

Hafrsro. Det har vore umlag som vanleg med umsyn til vitjing av sumarsplassen. Det har vore 2 festar eller tilstellingar, opningsfesten 3 mai og jonsokfesten 23 juni. Vegard Sletten tala på opningsfesten, elles var det leik og dans utyver kvelden. Jonsokkvelden var det ingen tale, men ein hadde Tasta songarlag til å liva upp og Bondeguten med ros og ris. Frammøte var bra, serleg på jonsokfesten, og det vart noko yverskot på baa festane. Vaktene har i det heile møtt bra fram. Styret har sett upp gjerde kring eigedommen og grave vatsbrunn. Det trengst ymse vølingar ute på Hafrsro, men pengane strakk ikkje til meir enn det som er gjort. I storstormen fyre jol bles flaggstongi ned. B.u.l. må so-

leis gjera rekning med å yta noko meir til sumarsplassen neste år. I styret har vore: Otto Hiim, formann, Madel Enoksen, kassestyrar, Svanhild Bjel-land, Bjarne Hovden, Bjarne Ledål og Sigrid Århus.

Lagsbladet har kome med 8 nummer i 1936. Bladstyrar Johs. Hatteland.

Bondeguten har kome med 13 nummer. Bladstyrar valt for kvart nummer.

Som utsendingar til årsmøte i Noregs ungdomslag i Trondheim møtte formannen Vegard Sletten, Edvard Ledål og Ragnhild Saltvold.

B.u.l. har ytt 100,00 kr. til Samyrkenemndi for Lagsbruki og 25,00 kr. til Gåvelutspelet for Det norske teatret.

Bondeungdomslaget har no 200 lagsfolk.

Styret for B.u.l. har vore: Vegard Sletten, formann, Korn. Meland, varaformann, Einar Nordaker, kassestyrar, Johs. Hatteland, Otto Hiim, Bjarne Ledål og Bergit Vik.

Styret for Lagsbruki har vore Bjarne Stangeland, formann, Carl Hatteland, varaformann, Guri Ånestad, Olav Hamre, Endre Måland, Trygve Tjessem og Ola Vetrhus.

Ettersynsmenn: Per Sekse og Erling Brommeland.

Stavanger 4 februar 1937.

Vegard Sletten.

Formann.

Anders Løvik.

Styre og nemnder.

Budgettnemnd: Vegard Sletten, Bjarne Stangeland og Einar Nordaker.

Barnelaget: Magnus Våge og Anders Løvik. Att frå fyrr: Tora Vignes og Svanhild Bjelland. Varamenn: Søn-nøve Sigvaldsen og Sigrid Århus.

Blomelaget: Anna Vestbø og Maria Vetrhus. Att frå fyrr: Maria Njølstad og Kari Meland.

Boksamlingi: Guri Ånestad og Otto Hiim. Att frå fyrr: Einar Nordaker og Vegard Sletten.

Garborgnemndi: O. A. Vestbø, Guri Ånestad og Vegard Sletten saman med arkitekt Storhaug valt av Stavanger kommune.

Hafsrø: Svanhild Bjelland, Gyda Reed og Julius Bårdsen. Att frå fyrr: Bjarne Ledål og Sigrid Århus. Varamenn: Willy Raugstad og Anny Bru.

Leikarringen: Erik Ryen og Brynjulv Skjærpe. Att frå fyrr: Julie Ryen og Borhild Fisketjøn.

Målringen: Sølga Talgø og Ole Nærheim. Att frå fyrr: Johs. Hatteland, O. A. Vestbø og Lars Voll.

Saumarlaget: Marta Evertsen og Astri Tjensvoll. Att frå fyrr: Elfrid Selvik og Maria Sekse. Varamenn: Berta Hatteland og Tila Gudmundson.

Songarlaget: Einar Nordaker, Julius Bårdsen og Olga Risvold. Varamenn: Th. Nesvik og Madel Enoksen

Spellaget: Alv Selvik, Olav Nævdal, Ragnhild Saltvold. Att frå fyrr: Nelly Husebø, Peter Molaug og Ole Nærheim. Varamenn: Margit Hatleskog og Olav Askvik. Framsyningsnemnd: Otto Hiim, Magnus Hausken, Bjarne Ledål og Brynjulv Skjærpe.

Udlandhaug Kaffistova: Guri Ånestad, Tora Hatteland og Anders Løvik. Att frå fyrr: Lars Bø og Kornelius Meland. Varamenn: Otto Hiim og Bergit Vik.

Styret for B.u.l. har valt Johs. Hatteland til varaformann, Einar Nordaker til kassestyrar og Otto Hiim til varaskrivar.

Gunnar Løvik

fylgjer godt med i alt lagsarbeidet enno, trass i både gråe hår og æreslagsmanns-titel. Både det fyrste og det siste plar ofte kasta ei kåpa av likesæla yver arbeidet som dei fyrr gjekk upp i med heilan hug.

Nett no til jol har Løvik på ein storveges måte skyna på *spellaget*. Styret i dette serlaget til liks med dei spe-larane som var med i dei tvo siste store stykka: «Godvakker-Maren» og «Lars Anders og Jan Anders» har fått kvar si gåva av Løvik for velgjort arbeid.

Spellagsstyret og «aktørar» vil her få lov å takka Løvik for gjev-mildskapen og den gode meininga.

Dei som fekk.

Årsmøte

vart halde i B.u.l. torsdag den 4 februar. Meldingane og rekneskapen for laget og lagsbruka vart upplesne og samrøystes godkjende.

Både lagsformannen *Vegard Sletten* og formannen for lagsbruki *Bjarne Vaage Stangeland* vart attvalde, so å segja samrøystes.

Likeeins gjekk det med dei som stod på val i styret: Bergit Vik, Korn. Meland og Einar Nordaker. Dei vart alle attvalde. Att frå fyrr står Edv. Ledål, Otto Hiim og Johs. Hatteland. Endå til fyrste varamann til lagsstyret Nelly Husebø, vart vald på nytt lag, trass i mange nye framlegg. Til formenner for lagsstyret vart elles valde: Theodor Nesvik, Julius Bårdsen. Ingeleiv Eikeland og Alv Selvik.

Til styresmenner for lagsbruka vart valde: Carl Hatteland, Ola Vetrhus og Tora Hatteland. På dei tvo fyrstnemnde var det attval. Att frå fyrr står: Olav Hamre, Trygve Tjessem og Guri Ånestad. Til varamenn valdest: Willy Raugstad, Ole Nærheim, Karl Myre, Knut Viste og Erik Ryen.

Til ettersynsmenn vart Per Sekse og Erling Brommeland attvalde.

Det var eit uvanleg fredeleg hovudmøte.

Attersyn.

Eit år er fare. Det har seg jamt so at ein gjerne vil stansa upp ein grand og sjå seg attende ved slike høve. Kva fekk ein gjort i den tid-bolken som rann ut? Var det framsteg eller tilbakegang å merka?

For B.u.l. har me stort set grunn til å vera nøgde. Økonomisk var 1936 det likaste året på lange tider for lagsbruka våre. Rett nokk var ikkje vinninga stor, men det bar då rette vegen. Og då skulde ein ha grunn til å vona på ei vending til noko endå betre.

Sjølve lagsarbeidet har det vore noko upp og ned med. Hovudlaget har arbeidt godt. Frammøtet har vore som vanleg. Sjølv sagt kunde fleire av medlemmene ha funne vegen til møta, so framifrå program og gjæve talarar det jamt var. Men tek ein umsyn til ting som i røynda ligg utanfyre laget sine vegger, er resultatet storveges likevel.

Siste møte fyre hovudmøtet var litt av ei hending til eit vanleg torsdagsmøte å vera. Alle plassar var upptekne, både i salen og på galleriet. Men so var det ingen ringare enn forfattaren *Henrik Rytter* som var talar, og emnet sers aktuelt: «Nordisk ånd og uånd».

Det er all grunn til å tru at B.u.l. no er på veg upp til ei blømingstid. Venteleg vil stemna åt Noregs ungdomslag til sumars setja krana på verket i so måte.

J. H.

Kjøp Nynorsk Vikeblad. Eit ord til eldre lagsfolk.

Me har berre eit einaste bilet-vikeblad her i landet på norsk mål. Det er *Nynorsk Vikeblad*.

Dette bladet står fullt på høgd med dei aller beste i sitt slag, både i innhald og utstyr. Sume vil kannhenda fortelja at det er plent same innhaldet som *Ill. Familieblad*. Men det er ikkje radt sant. Det er rett nokk at det er samsigling millom desse tvo vikeblada, men likevel er det so at det alltid skal vera 8 sidor originalt innhald i *Nynorsk Vikeblad*. Ja, stundom har det vore meir og, etter det bladstyraren *Hans Aarnes* — som nett var her i byen — fortel.

Målfolket skal difor sleppa å tru at deira vikeblad står til atters for andre sine illustrerte blad.

Me vil so sterkt me kann oppmoda lagsfolket i B.u.l. til å kjøpa *Nynorsk Vikeblad* kvar vika. Det er utruleg mykje for kvar smak i dette bladet. Nett no går det ei framhaldsforteljing — ei norsk kjærleikssoga — av *Hallvard Sandnes*. Ei spanande forteljing, ut frå det vanlege.

Spør etter Nynorsk Vikeblad i alle kioskar i byen. Det skal vera til kjøps alle stader jamsides andre vikeblad.

Stø Nynorsk Vikeblad ved å kjøpa det. Lat oss i alle høve syna at me kann halda uppe eit blad som er på toppen med dei hine.

Foreldre. Syt for at borna dykkar får nynorsk lesnad, d.v.s. *Nynorsk Vikeblad*.

For ei stund sidan kom eg i drøs med ein utanbys mann som var komen på eit møte i B.u.l. Han var medlem i eit liknande lag som vårt i ein granneby. — Det var *ein* ting som hadde undra mannen her: At det var so fåe *eldre* eller rettare «stana» medlemmer på møtet. Han hadde ikkje set meir enn ein mann med grått hår, og det var visst berre ein ungdom det med, let han.

«I vårt lag», sa han som vitja oss, «møter dei eldre lagsfolka *vel* so flitugt fram som ungdomen. Serleg når det er fyredrag med gode talarar». — Slike ord kann vera noko å tenkja på.

No er det kann henda so at B.u.l. i Stavanger ikkje nettupp har so mange av dei me kallar *eldre* i lagsflokken, men nokre er det no. Og eg er viss på at kvar einaste ungdomen i laget vilde tykkja det var sværande gildt um de ender og gong kom på møta våre. Det kjennest so trygt med litt ballast i båten. På den andre sida trur eg beint fram de sjølve og vilde ha gleda av å koma saman med dei yngre stund-i-millom.

Men so har me dykk i den flokken lagsfolk som trur de er vortne eldre. De talar um at de har gjort dykkar verneplikt o.s.b.

Det er ikkje sant. De er framleis berre ungdomar. Og når det gjeld ei sak som den B.u.l. arbeidar for, har ingen korkje lov eller rett til å tala um at «verneplikta» er undangjort.

Men um de ikkje nett vil taka på dykk so svære *plikter* i B.u.l., so kom i alle høve på lagsmøta og festane. Det har vore so mange gode fyredrag og talarar det siste året at alle visseleg vilde havt gagn og gleda av å høyra dei.

Lat det i 1937 vera ein snunad på «gamalmanns-tilværet». Kom på alle dei møta de har interesse av frametter. Dei vil visseleg auka etterkvart.

Nye lagsfolk.

Austvoll, Johannes, Høyland
—, — Liva, Hetland
Bårholm, Alma
Borsheim, Bjarne, Klepp
—, — Oscar, —, —
Forus, Anna, Forus
Gramstad, Agnes, Sand
Gudmundson, Tila, Stavanger
Halland, Halldis, Leikanger i Sogn
Haaland, Margareth, Haaland
Hauen, Harald, Voss
Karlsen, Georg, Stavanger
Marvik, Magnus, Nedstrand
Omland, Lovise, Kvinesdal
Terland, Agnes, Bjerkreim
Torkelsen, Åsta, Sand

Nytt frå serlaga.

Med undantak av *spellaget* har ikkje arbeidet i serlaga våre vore so reint framifrå det siste året. Dei har havt vanskar å strida med alle, kvar på si vis.

No ser det likevel ut til å ljosna både her og der.

Songarlaget har fått ny dirigent, hr. *Edvin Eikenes*. Øvingane har teke til att kvar måndagskveld, og alt ser ut til å gå med liv og lyst. Det trengst fleire røyster enno, serleg *bassar* og mannsrøyster i det heile. Alle medlemmer som har hug til songen og som kan syngja, bør melda seg inn i songarlaget. Vilåret er berre at ein er lagsmann eller -kvinna i B.u.l. Dessutan må ein som nemnt, kunna syngja ein grand.

Saumarlaget er likeeins kome til hektene att etter ei kviletid. Fyrste arbeidskvelden vert *onsdag den 3 mars*. Det skal kjøpast inn arbeid til den tid, og styret i saumarlaget ynskjer no at alle som kann føra anten nål eller spøter må møta upp denne kveldseta kl. 8 på slaget.

Leikarringen driv atter på etter dei beste uppskrifter, kvar fredagskveld på Litlesalen. Det er visseleg mang ein sprek gut i lagsflokket som kunde gjera makelaus nytte for seg her. Meld dykk til tenest, gitar vert det aldri for mykje av i dette serlaget.

Spellaget har sovisst ikkje tenkt å kvila på laurbæra sine. Eit nytt stykke er longe i emning, og øvingane er visseleg i full gang snart. Men spelaget treng stendigt nye krefter. Meld dykk difor til arbeids.

Målringen har — med sorg å melda — inga storverk gjort til dessar. Men når det nye styret har skipa seg, er det

grunn til å venta seg store ting av dette serlaget med.

Det har mykje å segja for B.u.l. sin trivnad at serlaga arbeidar godt. På den andre sida vert ikkje *trivnaden* for

den einskilde heller retteleg fullkomen fyrr ein kjem med i eit serlag og får vener og kjenningar der. Difor: Gå inn i det serlaget du har mest interesse for! Kom med i lagsarbeidet!

Saklista for februar:

Torsdag 4 februar: Årsmøte.

Sundag 7 februar: Bok-Bollefest.

Torsdag 11 februar: Framhald av årsmøte. Val på styre og nemnder, kaffi, leik.

Torsdag 18 februar: Foredrag av direktør dr. F. B. Wallem: Hellig Olav i kunsten.

Torsdag 25 februar: Foredrag av Mons Breidvik. Bondeguten ved Edv. Ledål.

B. u. l. si boksamling.

Nye bøker 1936.

775 Steen, Sverre: Det norske folks liv og historie.

776 Keilhau, Wilhelm: —»—

777 Duun, Olav: Samtid.

778 Gjengedal, Knut: Slikt hender.

779 Holter, Karl: Skinnbrevet.

780 Krokann, Inge: Blodrøter.

781 Kvåle, Sigurd: Over fårlege fjell.

782 Moren, Sven: Gardguten og Spelemannen.

783 Moren, Sande, Vå: Dikt.

784 Norsk Folkedikting: Eventyr I.

785 Storstein, Olav: Kielland på ny.

786 Thesen, Rolv: Arne Garborg.

787 Tveit, Jon: Dei tri hendene.

788 Vesås, Tarjei: Leiret og Hjulet.

Det er vedteke at torsdagsmøti, festar og tilstellingar til vanleg skal taka til kl. 20.

Utgeve av Bondeungdomslaget, Stavanger. Bladstyrar Johs. Hatteland.

Aktietrykkeriet i Stavanger 1937.



SOMA

ved Filmteatret

Forlovelsesringer

Billigste priser!
Største utvalg!

*Frukt
Tobakk
Cigarar*

Alltid gode varor

OLAV HAMRE

Telefon 3440

Nytorget 5

Kåpe- og Kjolesøm

utføres

Nelly Husebø

Telefon 4232

Økonoms gård
Klubgaten 4

**Kjøp BØKER
OG
PAPIR**

i NYGATEN 2
øverste hjørnehus

K. OPSANGER

BOKHANDEL ◀ PAPIRFORRETNING

ANDVAKE Det går framleies godt og jamt framover med Andvake. Målfolket i Rogaland som andre stader i landet, bør difor samla seg um Andvake når det gjeld alle former for livstrygding.

Umbodsmann for Rogaland:

Johs. Lunde, Hillevåg.

Umbodsmenn i Stavanger:

lærer Magnus Vaage, Wesselsgt. 32

skuleinspektør Øystein Eskeland

frk. Gunhild Bjerkreim, Suldalsgt. 12

kontormann L. Torgersen, Kampensgt. 4

gartnar Sverre Steinsvoll, Paradis 76

forretningsfører Ingvaldstad, Brønngt. 28

Det er venteleg tenleg for Dykk å høyra med ein av dei fyrr De tek avgjerd um livstrygding.

Matstova

Øvre Holmegt. 20

Middag frå kl. 12-16

Kaffistova

Østervåg 25

Middag frå kl. 12-16

Kaffistova

Torget 6

Mostun

ved Mosvatnet

Bondeungdomslaget.

Lagsfolk!

Hjå meg finn De eit flott
utval i

Ull-kjølety

til gamle prisar.

EINAR NORDAKER A/S
BREIDGATA 19

Stavanger Colonialforretning

har byens beste
brendte kaffe

VAALAND DAMPBAKERI

(G. Sønneland)

Musegaten 46 — Telefon 1810f

Utsalg:

Skolegaten 17 — Telefon 3520

A. Mauland A/S

Klostergården - Telef. 2645

Elektrisk Forretning
Radioapparater



Engelsmindegaten 15 - Telefon 3119

Lars Bø

E l e k t r i s k
installasjonsforretning

A. I D S Ø E

Telefon . . 102 - 458

Rikstelefon 3020 - 3089

Etablert 1828

Kjøtt- og Pølseforretning

Belysningskunst



Spør etter teikningar
og yverslag.


A. Edvardsen Selvik
Cicelør - Verkstad Hellandsgt. 45

BRYNE

JONAS JØRSTAD

BOKHANDEL

*All nyare litteratur
på lager.*



„SVITHUN“ er den beste sykkel

Avbetaling innrømmes

MASKINHUSET A.S
Bredgaten 9 STAVANGER

Største utvalg i
Spaser-, Sports-
og Arbeids . . .

Skotøi

Dame, herre og barn i alle prislager.

Landets beste fabrikker

Yderst lave priser

Best - billigst.

En detail - en gros

O. THORSNÆS

KIRKEGATEN 42

STAVANGER
TELEFON 3690

J. ØSTEBØ

STAVANGER

Verksgt. 2 - Telefon 1873

Parafin hengelampor
Elektriske ljosekronor
Steinty - Postelin - Glasvaror

En gros - En detail

Ingi gåva

pryder

som blommar frå

Blomsterhallen

ALT I

HEILNORSK GARN

Rogalandsgarn Norgesgarn
Tvinggarn Plantef. garn
Glitregarn Slumregarn
Gretegarn

ROGALANDS ULLVARELAG
BREDGATA 16

Ingeleiv Eikeland

Syforretning

Kyrkjegt. 18 - Telefon 3594

Kjole- og kåpesaum

Godt arbeid!
Rimelege prisar og
alt i nyaste snitt.

Godt drikka!

Løna med fleire medaljor

Hjå meg kann De få kjøpa

BRUS ● SELTERS ● FARRIS
SØT OG SUR SAFT ● EPLESAFT
VYRTERØL ● IDUN EDDIK OG SENEPE

GUNNAR LØVIK

Kongsgata 36 - Telefonar 727k, 228





**Garantien for
god margarin!**



1/3 MARGARINCENTRALEN